



## ■ notat

Frå:	Til:
Fylkesrådmannen v/ kompetanse- og næringsdirektør Erik Brekken	Kultur-, næring- og folkehelseutvalet
Dato:	Ref:
15.02.2021	14799/2021, U40

## Statusrapport akvakulturforvalting og fiskeri 2020

### Akvakulturforvalting

<b>Vedtak fatta etter akvakulturlova</b>	
Løyve i perioden – 2020	29
Avslag i perioden – 2020	1
<b>Akvakultursøknader under behandling</b>	
Laks og aure i sjø	21
Laks og aure på land (landbasert)	2
Andre arter i sjø	5
Andre arter på land	2
Skaldyr	0
Havbeite	1

Løyva som Møre og Romsdal fylkeskommune har gjeve i 2020 kan fordelast slik:

Det er gitt til saman 26 løyve til lokalitetsklareringar for oppdrett av matfisk av laks og aure i sjø og det er gitt eit avslag grunna nærleik til korallar. Løyva fordeler seg mellom fem løyve til nye lokalitetar, fire løyve til areal eller biomasseendringar på eksisterande lokalitetar og 15 løyve til samlokalisering på allereie eksisterande lokalitetar. Samlokalisering av løyve på eksisterande lokalitetar utgjer heilt klart hovudmengda. Det er gitt løyve til ein lokalitet som berre skal bruke lukka teknologi, og det er samlokalisert på eksisterande lokalitet der innehavar har valt å starte bruk av lukka teknologi på settefisk i sjø.

På land er det berre gjeve løyve til andre artar enn fisk. Det er gitt to løyve til makroalgar og eit pilotprosjekt for sjøpølse.

Elles ser vi ein sterk auke i interessa for oppdrett av torsk. Vi har tre søknader til behandling, der ein gjeld torsk i lukka anlegg.

## Marknad

Dei største sjømatmarknadane, etter verdi:

Volum i 1 000 tonn og verdi i mrd. NOK

	Januar – desember 2020		Januar – desember 2019	
	Volum	Verdi	Volum	Verdi
Totalt	2,709	105,714	2,666	107,208
EU	1,716	69,321	1,605	68,287
Polen	271	11,596	230	10,628
Danmark	399	9,737	344	9,240
Frankrike	123	7,242	118	7,111
USA	85	6,885	80	6,678
Storbritannia	147	6,158	159	6,417

Norsk eksport av laks omrekna til rund vekt:

Volum i 1 000 tonn og verdi i mrd. NOK

	Januar – desember 2020		Januar – desember 2019	
	Volum	Verdi	Volum	Verdi
Totalt	1,309	69,977	1,278	72,271
EU	993	50,485	941	50,692
Polen	211	9,810	180	9,201
Frankrike	121	6,532	116	6,432
Danmark	125	5,795	114	5,775
USA	68	5,092	68	5,075
Spania	86	4,627	82	4,517


Norsk eksport av klippfisk:

Volum i tonn og verdi i mrd. NOK. Pris som NOK/kg

	Januar – desember 2020			Januar – desember 2019		
	Volum	Verdi	Pris	Volum	Verdi	Pris
Totalt	83,4	4,312	51,72	91,8	4,770	51,97
EU	25,8	2,071	80,35	29,1	2,322	79,63
Portugal	22,8	1,888	82,93	25,9	2,126	82,19
Brasil	14,8	0,676	45,61	19,6	0,965	49,15

Kjelde: Norges sjømatråd

## Eksport fersk laks



Kjelde: SSB

### Kommentarar

Noreg eksporterte sjømat for 105,7 milliardar kroner i 2020. Dette er ein nedgang på ein prosent eller 1,5 milliardar kroner samanlikna med 2019. Volumet av sjømateksposten auka derimot med to prosent i same periode, til 2,7 millionar tonn.

Året som er gått har vore krevjande for dei fleste næringar, også sjømatnæringa. Etterspurnaden etter norsk sjømat og eit omstillingssyktig næringsliv gjorde derimot at 2020 vart det nest beste året for norsk sjømatekspost nokon sinne. Det er fem faktorar som vert trekt fram som årsaka til dette:

- Ei svekka norsk krone
- Ei omstillingssyktig sjømatnæring
- Enkeltartar som makrell og sild har opplevd sterke vekst
- Eksportverdien for laks har aldri vore høgare
- Norsk sjømat er ei svært ettertrakta global handelsvare

Sjømat svarar ut ein global trend om å ete sunn og berekraftig mat. Dette gjorde at marknaden for sjømat endra seg på rekordtid då koronapandemien stengde ned viktige salskanalar som restaurant- og hotellsegmentet. Salet av sjømat er no flytta til daglegvarekjeder, netthandel og take-away tenester.

Vi ser også at pelagiske artar som sild og makrell har hatt ei svært positiv utvikling i 2020, medan det har vore sviktande marknad for blant anna klippfisk og tørrfisk. Koronapandemien har også ført til auka etterspurnad etter bearbeida produkt for sal i detaljhandelen.

### Havbruk

Noreg eksporterte i 2020 1,2 million tonn fisk frå havbruk til ein verdi av 74,2 milliardar kroner. Samanlikna med 2019 er dette ein auke på tre prosent i volum, og ein nedgang på tre prosent i verdi. Verdien frå havbruk utgjer 70 prosent av den norske sjømateksposten, medan volumet utgjer 44,9 prosent.

Atlantisk laks er den desidert største havbruksarten målt i volum og verdi, og hamna på høvesvis 1,1 million tonn og 70 milliardar kroner. Dette tilsvarer ein auke i volum på to prosent frå 2019, og ein nedgang på 2,3 milliardar kroner eller tre prosent i verdi. Ein stadig større andel av laksen blir vidareforedla i Norge. Samtidig som vi ser at eksporten av laks aukar til land som Polen, Danmark og Nederland, som i stor grad vidareforedar norsk laks for vidaresal til andre marknader i EU.

Aure er den andre store oppdrettsarten i Noreg. Det vart i 2020 eksportert 71 800 tonn aure til ein verdi av 3,9 milliardar kroner. Volumet auka med 21 prosent, medan verdien auka med 184 millionar kroner eller fem prosent frå 2019.

### Fiskeri

Fiskeri utgjer 30 prosent av den totale sjømateksposten målt i verdi. Målt i volum utgjer fiskeri 55,1 prosent. For fiskeri var eksportvolumet 1,5 millionar tonn til ein verdi av 31,5 milliardar kroner. Det er ein auke på under ein prosent i volum og to prosent i verdi frå 2019.

Torsk er den største arten målt i verdi for fiskerinæringa, og er også den viktigaste arten innan kvitfisk. Eksporten av torsk i 2020 var på 172 300 tonn til ein verdi på 9,6 milliardar kroner. Dette tilsvarer ein nedgang i både volum og verdi på fire prosent frå 2019. Låg etterspurnad og prisfall er årsaka til nedgangen.

Sei og hyse er høvesvis den nest største og tredje største arten innan kvitfisk i Noreg. Eksporten av sei hadde ein nedgang på 14 og fem prosent i høvesvis volum og verdi, eller 99 300 tonn til ein verdi på 2,4 milliardar kroner. Eksporten av hyse var i 2020 på 58 700 tonn, og verdien hamna på 1,6 milliardar kroner. Dette tilsvarer ein nedgang på to prosent i volum og ein nedgang på åtte prosent i verdi samanlikna med 2019.

Makrell er den nest største arten innan fiskerisektoren. Volumet for makrell i 2020 enda på 299 400 tonn, ein auke på over 25 prosent frå 2020. Denne auken har samanheng med ein auke i makrellkvoten. Stor etterspurnad i viktige marknader i Asia gjorde også til at verdien auka med 16 prosent, til i underkant av 5 milliardar kroner. For sild var eksporten 315 800 tonn til ein verdi på 3,8 milliardar kroner. Dette er ein nedgang på nesten elleve prosent i volum, samtidig som verdien auka med over 18 prosent.

#### Foredling

Eksporten av klippfisk var i 2020 på 83 400 tonn, til ein verdi på 4,3 milliardar kroner. Dette er ein nedgang på over ni prosent både i verdi og volum samanlikna med 2019. Prisen for klippfisk har i same periode vore tilnærma lik. Stenging av restaurantsegmentet har ført til redusert etterspurnad i viktige klippfiskmarknader som Portugal, samtidig som det har vore ein betydeleg reduksjon i eksporten til Brasil som har vore hardt ramma av Covid-19 pandemien. Det er klippfisk av torsk som har hatt størst nedgang.

Eksporten av saltfisk enda på 25 600 tonn, medan verdien var på 1,4 milliardar kroner. Dette tilsvarer ein auke på 9 prosent i volum og 154 millionar eller 12 prosent i verdi frå 2019.